



Vestland fylkeskommune v/Ingar Hals

Referanser:

Dykkar:

Vår: 20/1132 - 20/28587

Saksbehandlar:

Merethe Tvedt

merethe.tvedt@alver.kommune.no

Dato:

15.05.2020

Avvist søknad om redusert gebyr - GBNR 305/3 m. fl - Rylandsvassdraget

Administrativt vedtak. Saknr: 509/20

Tiltak: Klage på gebyr for handsaming av dispensasjonssøknad
Byggjestad: Gbnr: 305/2 og 3
Tiltakshavar: Vestland fylkeskommune

Vedtak:

«Med heimel i i forskrift om gebyr for teknisk forvaltning i Alver kommune pkt 4.10, jf. plan- og bygningslova (pbl) § 33-1, blir krav om reduksjon av fakturert gebyr for handsaming av søknad om dispensasjon etter pbl kapittel 19 avvist.»

Saksutgreiing:

Alver kommune gav i DNT vedtak 153/20, datert 06.02.2020 dispensasjon på vilkår frå arealformålet LNF og sikringssone H_190 i Kommunedelplanen for Meland, KDP for utbetring av eksisterande veg og løyve til gjennomføring av grunnundersøkingar i og rundt Rylandsvassdraget. Det vart utstedt faktura på kr. 10 300,- i samsvar med kommunen sitt gebyrregulativ pkt. 9.1.2

I skriv datert 1.4.2020 klaga Vestland fylkeskommune på gebyret, og ber kommunen sende kreditnota for denne fakturaen.

Tiltaket med grunnundersøkingar i strid med kommunedelplanen for Meland var naudsynt å gjennomføre då det i oppstarta reguleringsplan for Fv. 564 Fløksand – Vikebø planid. 125620160010, er avdekka utfordrande grunnforhold på deler av planlagt (eksisterande) vegstrase, og utarbeiding av ny alternativ trase pågår.

Fylkeskommunen viser i sitt skriv til Kommunal- og moderniseringsdepartementet, KMD sin tolkningsuttale frå 2015 om gebyr for reguleringsplaner når forslagstillar er ein offentleg myndighet og ivareta offentleg interesser.

Vestland fylkeskommune meiner at sidan dispensasjonsvedtaket om gjennomføring av grunnundersøkingar og opprusting av veg er direkte knytt til utarbeiding av den offentlege reguleringsplanen for Fv. 564 Fløksand- Vikebø. Som etter Plan- og bygningslova, Pbl. § 33-1 ikkje skal krevjast gebyr for, vil ikkje dei naudsynte tiltaka som å gjennomføre grunnundersøkingar for å få vurdert ei ny alternativ vegplassering for same plan kunne gebyrleggjast. Sjølv om tiltaka krev dispensasjon frå kommunedelplanen.

Vurdering:

Pbl. § 33-1 gir kommunen heimel til å gi gebyr for behandling av søknad etter pbl, under dette behandling av private planforslag. Offentlege planforslag er dermed ikkje gebyrbelagt.

Alver kommune har i Gebyr- og betalingssatsar for 2020 angjeve satsane for plan- og byggesaksbehandling i medhald av pbl § 33-1. Det føl av regulativet pkt. 4.1 at den som får utført tenester etter regulativet, skal betale gebyr i samsvar med satsane og føresegnene i regulativet. Regulativet har ikkje satsar knytt til behandling av offentlege planforslag, i samsvar med pbl. § 33-1.

Regulativet pkt. 4.11 angjev at gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Administrasjonen kan ikkje sjå at det er klaga over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Det er difor ikkje grunnlag for å behandle klaga, jf. forvaltningslova § 34. Spørsmålet er om det i denne saka er grunnlag for å gi redusert gebyr i samsvar med pkt. 4.10 til gebyrregulativet. Pkt. 4.10 legg til grunn at det kan gis redusert gebyr «når særlege grunnar» ligg føre. Redusert gebyr må søkjast om innan 3 veker etter at faktura er motteke.

E-post om gebyret kom inn til kommunen 01.04.2020, 6 veker (registert ekspedert i vårt fakturasystem 17.02.2020) etter at ein kan legge til grunn at fylkeskommunen mottok fakturaen. Det er difor ikkje grunnlag for å behandle søknaden om redusert gebyr.

Kommunen finn likevel grunnlag for å kommentere følgjande:

Fylkeskommunen måtte gjere avklaringar som kravde dispensasjon frå kommunedelplanen. Kommunen har grunnlag for å krevje gebyr etter gebyrregulativet, og ser ikkje kva grunnar som talar for å gi redusert gebyr i denne saka. Gebyret som er fakturert er ikkje knytt opp til behandling av plansak Detaljregulering for fv. 564 Fløksand – Vikebø, planid. 125620160010, men til søknad om dispensasjon etter pbl. kapittel 19. Søknad om dispensasjon er belagt med gebyr etter regulativet pkt. 9.

Saksutgreiing med vedtak er vedlagt.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl.). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Merethe Tvedt
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Fv 564 Fløksand - Vikebø. Faktura for gebyr i samband med dispensasjonssøknad
Fakturagrunnlag

Mottakarar:

Vestland fylkeskommune
Vestland fylkeskommune v/Ingar Hals

Postboks 7900

5020

BERGEN